

Gudsteneste med dåp og nattverd i Ferkingstad kyrkje

VER VENLEG OG LEGG ATT AGENDAEN VED UTGANGEN

Det som alle/kyrkjelyden seier høgt saman, står med **A** eller **K** foran og med **utheva skrift**. Salmenumra (ikkje sidetal) står på salmetavla på veggen.

L =	Liturg/prest
ML =	Medliturg/klokkar
A =	Alle
K =	Kyrkjelyd

I. SAMLING

Førebuing.

Vi lar det vere stille i kyrkjeskipet for bøn og lystenning eit kvarter før gudstensta.

Klokkeringing

Inngangssalme, eventuelt med inngangsprosesjon ved dåp

Alle reiser seg og står og syng.

Helsing

L Kjære kyrkjelyd.

Vår Herre Jesu Kristi nåde, Guds kjærleik og Den heilage andens samfunn vere med dykk alle.

Alle set seg etter helsinga.

Samlingsbøn

ML Heilage Gud, vi er samla for ditt andlet for å møta din kjærleik og di sanning. Send oss din Ande og gjer oss opne for det du vil gje oss. Lat ordet ditt slå rot i hjarta våre, så Kristus lever i oss, og vi blir eitt i deg og tener deg i alle ting.

Bønerop KYRIE

A Kyrie eleison. Gud Fader, miskunna deg.
Kriste eleison. Herre Krist, miskunna deg.
Kyrie eleison. Heilag Ande, miskunna deg.

Lovsong GLORIA (kan utelatast i fastetida)

L Ære vere Gud i det høgste.

K og fred på jorda blant menneske som Gud har glede i.
Vi lovar deg, vi prisar deg, vi tilbed deg,
vi opphøgjer deg. Amen.

Om det ikkje er dåp i gudstenesta, held vi fram med den første lesinga, midt på side 6.

DÅP

Mottaking til dåp. Liturgen/presten går til døypefonten Den/dei som skal lese tekstane frå Bibelen knytt til dåpen går til lesepulten.

Inngangsord

L I namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande.

L Med takk og glede kjem vi i dag med *dette barnet/desse borna* til Gud i den heilage dåpen. I dåpen tek Gud imot oss og sameinar oss med den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus.

For så elska Gud verda at han gav Son sin, den einborne, så kvar den som trur på han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv. **Joh 3,16**

L Høyr kor venleg Jesus tek imot borna og opnar Guds rike for dei:

Ein i dåpsfølgjet, ein annan medliturg eller liturgen les teksten (frå lesepulten):

ML/L Dei bar småborn til Jesus for at han skulle røra ved dei, men læresveinane viste dei bort. Då Jesus såg det, vart han sint og sa til dei: «Lat småborna koma til meg og hindra dei ikkje! For Guds rike høyrer slike til. Sanneleg, eg seier dykk: Den som ikkje tek imot Guds rike slik

som eit lite barn, skal ikkje koma inn i det.» Så tok han dei inn til seg, la hendene på dei og velsigna dei. **Mark 10,13-16**

Takkebøn

L Lat oss takka og be:

L Evige Gud, du som gjev liv til alt som lever og har skapt oss i ditt bilete: Vi takkar deg for *NN/NN (fornamn)* som i dag skal bli *døpt/døypte*. *Ho/Han/Dei* er dyrebar(e) i dine auge. Ver hos *henne/han/dei* med din kjærleik og gje *henne/han/dei* ein heim i di kyrkje. Amen.

L Lat oss høyra Jesu ord og bod om den heilage dåpen:

Ein i dåpsfølget, ein annan medliturg eller liturgen les teksten (frå lesepulten):

ML/L Eg har fått all makt i himmelen og på jorda. Gå difor og gjer alle folkeslag til læresveinar: Døyp dei til namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande og lær dei å halda alt det som eg har bode dykk. Og sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står. **Matt 28,18-20**
Den/dei som har lese, set seg.

Dåpssalme **Klokkaren tenner samtidig det store dåpslyset ved døypefonten med eld frå altaret. Etterpå heller klokkaren dåpsvatnet i døypefonten.**

Fadderansvaret

L Vil foreldre og fadrar reisa seg.

De skal vera vitne om at *dette barnet/desse borna* er *døpt/døypte* med den kristne dåpen. Saman med kyrkjelyden vår og heile kyrkja får de del i eit heilagt ansvar: å visa omsorg for *henne/han/dei*, be for *henne/han/dei*, lære *henne sjølv/han sjølv/dei sjølv* å be og hjelpa *henne/han/dei* til å bruka Guds ord og delta i den heilage nattverden, så *ho/han/dei* kan leva og veksa i den kristne trua.

Forsakinga og trua

L Lat oss saman vedkjennast forsakinga og trua, som vi blir døypte til.
Alle reiser seg.

A Eg forsakar djevelen og alle hans gjerningar og alt hans vesen.

Eg trur på Gud Fader, den allmektige,
som skapte himmel og jord.

Eg trur på Jesus Kristus,
Guds einborne Son, vår Herre,
som vart avla ved Den heilage ande,
fødd av Maria møy,
pint under Pontius Pilatus,
vart krossfest, døydde og vart gravlagd,
fór ned til dødsriket,
stod opp frå dei døde tredje dagen,
fór opp til himmelen,
sit ved høgre handa åt Gud, den allmektige Fader,
skal koma att derifrå
og døma levande og døde.

Eg trur på Den heilage ande,
ei heilag, allmenn kyrkje,
eit samfunn av dei heilage,
forlating for syndene,
oppstoda av lekamen og evig liv.
Amen. *Den apostoliske truvedkjenninga*

Dåpshandlinga

Bøn ved døypefonten

L Miskunnsame Gud, vi takkar deg for at dåpsvatnet ved ditt ord er ei nådens kjelde, der du tilgjev oss vår synd, frelsar oss frå dødens makt og gjev oss lovnad om det evige livet. Send din Ande, så *ho/han/dei* som blir *døypt/døypte*, blir *reist/reiste* opp til det nye livet med Jesus Kristus, vår Herre.

Dåpsfølget går fram til døypefonten.

L Kva heiter barnet?

Den som ber barnet, seier fornamnet på barnet.

L Vil de at *NN* skal døypast til namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande og oppsedast til eit liv i den kristne forsakinga og trua?

Den som ber barnet, foreldra / dei føresette og fadrane svarar:

Ja.

Liturgen vender seg mot andletet til barnet/dåpskandidaten og bed bøna med open handflate.

L Gud vare din utgang og din inngang frå no og til evig tid.

Eg teiknar deg med det heilage krossmerket ✠ til vitnemål om at du skal høyra den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus til.

L *NN*, etter vår Herre Jesu Kristi ord og bod døyper eg deg til namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande.

Medan dette blir sagt, auser liturgen med handa rikeleg med vatn over hovudet til den som blir døypt, tre gonger.

Liturgen legg, gjerne saman med fadrane, handa på hovudet til den døypte og seier:

L Den allmektige Gud har no gjeve deg sin heilage Ande, fødd deg på nytt og teke deg inn i sin truande kyrkjelyd. Gud styrkje deg med sin nåde til det evige livet.

Fred vere med deg.

Ein vender barnet mot kyrkjelyden og kan lyfta det opp. Ein seier følgjande:

L Dette er *NN*, Guds barn, døypt inn i vår kyrkjelyd og Kristi verdsvide kyrkje.

Under kvar dåp og presentasjon tenner klokkaren eit lys. Liturgen kan seia:

L Eit lys er tend for *NN*.

Lysa set ein i ein lyshaldar. Når alle dåpslysa er tende, seier liturgen:

L Jesus seier: «Eg er lyset i verda. Den som følgjer meg, skal ikkje vandra i mørkret, men ha livsens lys.» Joh 8,12

Bøn og lovprising

L Lat oss takka og be.

L/ML Trufaste Gud, vi takkar deg for dåpen, og for lovnaden om at Jesus er med oss alle våre dagar.

Vi bed for *NN/dei* som er *døypt/døypte* i dag.

Vara *henne/han/dei* i trua på deg, så *ho/han/dei* kan vandra i lyset og nå det evige målet i ditt rike.

Gud, høyr vår bøn.

L Lova vere Gud, vår Herre Jesu Kristi Far, han som i si store miskunn har fødd oss på nytt til ei levande von ved Jesu Kristi oppstode frå dei døde! **1 Pet 1,3**

[Dåpssolist]

II. ORDET

Første lesinga

Kyrkjelyden sit under lesinga.

Salme

Andre lesinga

Kyrkjelyden sit under lesinga.

Vert sunge før og etter evangelielesinga, medan alle står:

Halleluja. Halleluja. Halleluja. Halleluja.

Evangelium

Preike

Salme; svar på Guds tiltale i preika

Kunngjeringar

Som siste del av kunngjeringane:

ML Vi reiser oss og minnst den/dei i kyrkjelyden vår som det er halde gravferd for sidan sist vi var samla.

Kyrkjelyden reiser seg. Ein les opp namna på dei døde. Kort stille.

ML Jesus seier: "Eg er oppstoda og livet. Den som trur på meg, skal leva om han så døyr." Joh 11,25

ML Miskunnsame Gud, trøyst dei sørgjande og ver dei nær i tida som kjem."

Synsvedkjenning

L Lat oss bøye oss for Gud og be om tilgjeving.

Synsvedkjenning

A Gud, ver meg nådig! Eg har synda mot deg og svikta min neste – med tankar og ord, med det eg har gjort, og med det eg har forsømt. Tilgjev meg mi synd for Jesu Kristi skuld. Skap i meg eit reint hjarte, og gjev meg kraft til nytt liv ved din heilage Ande.

Lovnadsord

L Guds ord sier: Dersom vi sannar syndene våre, er han trufast og rettferdig, så han tilgjev oss syndene og reinsar oss for all urettferd.

1 Joh 1,9

Forbøn (i fastetida nyttast: Litaniet, Norsk Salmebok (NoS) 980.2)

ML For di kyrkje på jorda, for fellesskap mellom dei truande og framgang for evangeliet blant folket ditt, jødane, ja, blant alle folk i heile verda bed vi deg, Gud.

K Herre, høyr vår bøn.

ML For di kyrkje i landet vårt, for biskopane og kyrkjelydane, for alle dine tenarar og medarbeidarar, for forkynnarar og misjonærar.

K Herre, høyr vår bøn.

ML Om vekst i trua gjennom Ord og sakrament, om truskap i bøna, om tolmod og glede, og om å kunne halde oss til sann, apostolisk og Kristus-nær lære og tru bed vi deg, Gud.

K Herre, høyr vår bøn.

ML Om fridom og fred i verda, om brød til dei som svelt, om rettferd for flyktingar og forfølgde; om fellesskap over grensene bed vi deg, Gud.

K Herre, høyr vår bøn.

ML For vår konge og hans hus, for alle som har leiaransvar mellom oss, bed vi deg, Gud.

K Herre, høyr vår bøn.

ML For alle sjuke og nedbrotne, for einsame og forlatne, for alle som er blitt utsett for overgrep, for alle i freisting og fare bed vi deg, Gud.

K Herre, høyr vår bøn.

ML Om ditt nærvær i all naud, om kraft til å tena og til ein gong å nå det evige livet bed vi deg, Gud.

K Herre, høyr vår bøn. Amen.

Takkoffer frå kyrkjelyden medan kantoren/organisten speler

Til vanleg blir takkofferet samla inn rundt altaret.

VIPPS-nr. til takkofferet: [#534165](#)

Når det ikkje blir feira nattverd i gudstenesta, held vi fram med **Herrens bøn**, side 10, og etter Herrens bøn: **IV. SENDING Salme**, side 12.

III. NATTVERD

Førebuing av måltidet

Takkofferbøn

L Evige Gud, di er jorda og det som fyller henne.

Alt vi eig høyrer deg til. Av ditt eige gjev vi deg attende.

A Ta imot oss og gåvene våre i Jesu namn. Amen.

Takkseiing og bøn

Helsing PREFASJONSDIALOG

L syng eller seier Herren vere med dykk.

K reiser seg og syng Og med deg vere Herren.

L Lyft dykkar hjarte.

K Vi lyfter våre hjarte til Herren.

L Lat oss takka Herren vår Gud.

K Det er verdig og rett.

Innleiande lovprising PREFASJON

L Å, for eit djup av rikdom og visdom og kunnskap hos deg, Gud! Himlane fortel om din herlegdom, og jorda vitnar om dei verk dine hender har gjort. Saman med dei truande gjennom alle tider vil vi prisaditt heilage namn:

Heilag SANCTUS

A Heilag, heilag, heilag er Herren Sebaot. All jorda er full av din herlegdom. Hosianna i det høgste. Velsigna vere han som kjem i Herrens namn. Hosianna i det høgste.

Påkalling EPIKLESE

L Vi takkar deg for Jesus Kristus, vår frelsar. Han er det levande brødet som kjem ned frå himmelen og gjev verda liv.

L Vi bed deg: Send din Ande over oss og gåvene dine, så vi kan ta imot Jesus Kristus i brødet og vinen.

Innstiftingsorda VERBA

L Vår Herre Jesus Kristus, i den natta han vart sviken, tok han eit brød, takka, braut det, gav læresveinane og sa: Ta imot og et! Dette er min kropp som blir gjeven for dykk. Gjer dette til minne om meg. Like eins tok han begeret etter måltidet, takka, gav dei og sa: Drikk alle av det! Dette beger er den nye pakt i mitt blod, som blir utrent for dykk, så syndene blir tilgjevne. Kvar gong de drikk av det, så gjer det til minne om meg.

Herrens bøn

Alle Vår Far i himmelen.

Lat namnet ditt helgast.

Lat riket ditt koma.

Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.

Gjev oss i dag vårt daglege brød,
og tilgjev oss vår skuld,

slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.

Og lat oss ikkje koma i freisting,
men frels oss frå det vonde.

For riket er ditt

og makta og æra i all æve. Amen.

Nattverdsmåltidet

Fredshelsing PAX

L Guds fred vere med dykk.

K Guds fred vere med deg.

L Kom, for alt er gjort ferdig.

Du Guds Lam AGNUS DEI

Du Guds Lam, som ber all verdsens synder,
miskunna deg over oss.

Du Guds Lam, som ber all verdsens synder,
miskunna deg over oss.

Du Guds Lam, som ber all verdsens synder, gjev oss din fred.

Kyrkjelyden går fram til nattverd. Når ein ikkje er framme til nattverd, kan ein sitje ned. Nattverden blir delt ut kontinuerleg, så ein gir frå seg plassen når ein har tatt imot Jesu kropp/lekam og blod.

Utdeling

Dette er Jesu lekam. Dette er Jesu blod.

Salme under utdelinga

Sjå nummer på salmetavla. Ta gjerne salmeboka med fram under nattverdgangen.

L Den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus har no gjeve oss sin kropp og sitt blod som han gav til soning for alle våre synder.

A Han styrkje oss og halde oss oppe i ei sann tru til det evige livet.

L Fred vere med dykk.

Avslutning av måltidet

L Vi takkar deg, visdoms Gud, for den djupe løyndomen i ditt måltid: Brødet vi har brote, er eitt. Son din har gjeve sitt liv for éi verd og éi menneskeslekt. Vi bed deg:

Alle Hjelp oss å høyra det ropet du har høyr, å sjå den nauda du har sett, og å elska nesten vår som oss sjølve.

IV. SENDING

Salme

Alle reiser seg og står og syng.

Lovprising BENEDICAMUS

L Lat oss prisa Herren.

K Gud vere lova. Halleluja. Halleluja. Halleluja.

Velsigning

L Herren velsigne deg og vare deg.

Herren late sitt andlet lysa over deg og vere deg nådig.

Herren lyfte sitt åsyn på deg og gje deg fred. ✠

K Amen. Amen. Amen.

Tre gonger tre bøneslag

Utsending

L Gå i fred. Ten Herren med glede.

Postludium *Alle sit under postludiet.* **Takkoffer-VIPPS: #534165**

VER VENLEG OG LEGG ATT AGENDAEN VED UTGANGEN

VIPPS-nr. til takkofferet: #534165